



DEN NORSKE KIRKE
Mære sokneråd

dok 467

200609 08.11.06
Ki-501

Det kongelige kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

07.11.2006

UTTALE; NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA

Mære sokneråd har handsama ovanfor nemnde i møte 26.09.2006 som sak 21/06, og har fatta einstemmig vedtak om å uttala seg slik som det framgår av vedlagde uttale.

Med helsing

Johnny Mikal Finvik
Leiar

Solveig Berg
Solveig Berg
Sekretær

Kopi: Kyrkjerådet

Uttale frå Mære Sokneråd til NOU 2006:2, Staten og Den norske kyrkja.

1. Innleiing

NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja blei overlevert Kultur- og kyrkjedepartementet den 31. januar 2006, og er sendt på høyring til mange instansar, blant dei også samtlege sokneråd. Utgreiinga inneheld eit omfattande materiale og gir mange synspunkt på organisering og drift av kyrkja. Utvalet ender opp i tre alternative forslag til organisering:

1. Grunnlovsforankra folkekyrkje
2. Lovforankra folkekyrkje
3. Sjølvstendig folkekyrkje

Etter vår vurdering er alternativ 3, sjølvstendig folkekyrkje, eit lite aktuelt alternativ i den forstand at ein då vil gå bort frå tanken om ei inkluderande folkekyrkje med eit offentleg ansvar.

2. Hovedargument i høve forslaga om Lovforankra folkekyrkje (Lf) og Grunnlovsforankra folkekyrkje (Gf)

Begge forslaga legg vekt på at vi vil ha ei folkekyrkje, vår argumentasjon rettar seg inn i høve til kva forslag som gir den beste folkekyrkja. Før vi går nærmare inn på dette er det viktig å understreka det som også står i NOU 2006:2 at spørsmålet om organisering **ikkje** er eit mål i seg sjølv, men eit middel for å få til ei best mogleg kyrkje for folk flest.

2.1 Inkluderande folkekyrkje

Eit hovudpoeng for oss er at kyrkja må styrka rolla og funksjonen som folkekyrkje i den forstand at den må vere inkluderande og at den i rimeleg grad må liggje opp til folk sine ønskjer og forventningar. Ein viktig del av argumentasjonen for ei lovforankra folkekyrkje er at kyrkja sjølv skal ha rett til å bestemma tilsettingane i alle stillinger – inklusive biskopar. Grunnlovsforankra folkekyrkje gir Regjeringa rett til å utnemne biskopar, medan alle andre stillingar blir bestemt av kyrkja sjølv – det vil seie ei ordning slik den vi har i dag. Om vi ser på to eksempler – utnevninga av biskop Scheldrup på 1950-tallet og biskop Stålsett for nokre år sidan, så skjedde desse utnemningane til kritikk fra det etablerte kyrkje-noreg, og det er lite truleg at desse utnemningane ville funne stad om kyrkja sine organ hadde fått styre sjøl. Scheldrup blir sett i samheng med gjennombrøtet for ordinering av kvinnelege prestar og Stålsett for ei utvetydig støtte til svake grupper – samfunnet sine taparar. Vi trur ikkje at desse

utnemningane ville ha funne stad om kirkja hadde fått styre seg sjølv, men desse utnemningane har hatt mykje å seie for vanlege folk sin tillit og tru på at kyrkja er ei kyrkje for alle.

2.2 Kyrkja som kulturberar

Kyrkja sine viktigaste oppgåver er i forhold til truslivet, men kyrkja er også ein viktig kulturberar. Kultur er også eit viktig offentleg ansvar og vi meiner at kyrkja sitt ansvar her best blir ivaretatt i eit samarbeid med offentlege myndigheiter, for øvrig noko som taler for ei organiseringsform lik den vi har i dag.

2.3 Løyving og finansiering

Både forslaget om Lovforankra folkekyrkje og Grunnlovsforankra folkekyrkje inneber at staten skal stå for hoveddelen av finansieringa av kyrkja. I forslaget om ei Lovforankra folkekyrkje ligg det ei deling av finansieringa med ei mindre ”medlemsavgift”. Skal vi fortsatt ha ei inkluderande folkekyrkje der staten betaler og alle føler seg velkomne, så er den beste ideen å ha ei finansieringsordning slik at ikke malinga flasser av veggene. Vi har lang erfaring i offentleg sektor for at jo meir vi stykker opp finansieringa, jo vanskelegare blir det å finansiere tiltaka fullt ut. Vi meiner heller at ein bør halda på og styrkja den fullfinansieringa vi har i dag, slik at vi både får sikre lønnsmidler og pengar til vedlikehald.

Konklusjon

NOU 2006:2 tar opp mange viktige spørsmål vi ikke har vore inne på. Vi har konsentrert oss om dei viktigaste argumenta i forhold til hovedalternativa. Vi argumenterer ut i frå at organisasjonsform (kva tilknytning det skal vere mellom stat og kyrkje) ikke er eit mål i seg sjølv, men eit virkemiddel for at vi skal få ei best mogleg open og inkluderande kyrkje for alle. I forhold til dei tre hovedområda vi framhever:

- Inkluderande folkekyrkje
- Kyrkja som kulturberar
- Løyvingar og finansiering

meiner vi at ei statskyrkjeordning som i dag er den beste – det vil seie alternativ 1, Grunnlovsforankra folkekyrkje. Vi har ikke sterke synspunkter på om det lovmessige grunnlaget fortsatt skal byggje på ein grunnlovparagraf eller ein vanleg lov, berre innhaldet og organiseringa er i samsvar med dei tre hovedpunkta vi har kome med.